

M U BEVARINGS-
H O TENESTENE

Årsmelding 2024



Konservering av Christiesøtten for Bergen kommune


Årsmelding 2024

Bevaringstenestene (BEV) er ei fellesteneste innan bevaring og konservering av samlingane til dei konsoliderte musea i Vestland. Vi har ansvar for eit fellesmagasin av god kvalitet. Vårt mål er at vi saman med musea bidreg til å bevare vår materielle kulturarv ved å bremse dei prosessane som naturleg bryt ned gjenstandane så langt det er mogleg, enten det er på utstilling, på magasin eller i eit historisk interiør.

Det er svært gledeleg at BEV saman med Samlingsutvalet for musea i Vestland har fått 4 millionar kr frå Kulturdirektoratet til prosjektet *Nytt fokus på museumssamlingane*. Prosjektet handlar i korte trekk om kva som er ein museumsgjenstand, der vi med ei praktisk tilnærming til samlingane drøftar dette. Vi har og fått midlar frå Museumsløft 2024 til prosjektet.

Den nye planen «Plan for samarbeid mellom Bevaringstenestene og dei konsoliderte musea i Vestland fylke 2024-2029» er ferdig og vart presentert for Samlingsutvalet for musea i Vestland på årets haustmøte i Førde.

I desember vedtok fylkestinget å setje av 1 million kroner til å arbeide vidare med realisering av planane for eit nytt Samlingssentrum for musea i Vestland, og vi gler oss til å arbeide vidare med prosjektet saman fylkeskommunen. Dette er ei sak vi har arbeidd lenge med. I mai hadde vi besøk av leiar for hovudutval for kultur, idrett og inkludering Jacob Nødseth og medlem av utvalet John Torgeir Torsvik. I september hadde vi besøk av kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery, og seinare same månad var Kulturbyråd i Bergen, Reidar Digranes. Direktør i MUHO og avdelingsleiar ved BEV har i tillegg informert om planane for politikarar i politiske utval både i Bergen kommune og Vestland fylkeskommune.



Formidling

Målsetjinga for formidlingsverksemda vår er å spreie kunnskap om alle sider av temaet konservering, bevaring og samlingsforvaltning.

I mars var vi invitert til Kraftmuseet for å ha ein temadag om tekstil- og gjenstandshandtering spesielt, og om samlingsforvaltning generelt. I tillegg fekk vi informert om dei tenestene og områda Bevaringstenestene kan tilby musea hjelp innanfor. Arrangementet var for alle tilsette i museet, og vi fekk en god dialog med museet om framtidige prosjekt.




I samarbeid med Norsk handverksinstitutt har vår metallkonservator hatt kurs om behandling av historiske metallgjenstandar for deltakarar frå KA (Kirkelig Arbeidsgiverorganisasjon), Norsk Handverksinstitutt og to gjørtlarar. Kurset hjå oss var ei av ei rekkje samlingar for gruppa. Det er svært viktig at det er møtepunkt mellom konservatorar og handtverkerar som utfører arbeid på historiske gjenstandar og interiør, og dei hadde mykje å lære av kvarandre.



Foto: Norsk håndverksinstitutt

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

Vi gjennomførte eit kort kurs om pakking av flate papirgjenstandar i store format, som t.d. kart, arkitekt- og skipsteikningar, rullegardiner osv. Kurset var ønskt av Museum Vest som del av vårt tilbod til dei, men det vart opna opp for deltakarar frå andre museum også. På kurset demonstrerte vi korleis vi kan lage mapper/lommer av ein inert polyesterfolie, slik at gjenstanden kan studerast samtidig som den er tilstrekkeleg beskytta mot berøring.



Som del av Bevaringstenestene sitt generelle kurstilbod gjekk eit kurs om helsefarlege stoff i samlingane av stabelen i april. Kurset samla 13 deltakarar og hadde ein ekstern føredragshaldar. I tillegg heldt Bymuseet og TIM innlegg om korleis dei har arbeidd med dette temaet i prosjekt som gjeld flytting frå eit dårleg magasin (Bymuseet) og asbestsanering i museumsbygg (TIM).



M U BEVARINGS- H O TENESTENE

I oktober held vi kurs om gjenstandshandtering, denne gongen på Tinghuset i Førde. Kurset samla 19 deltakarar frå 3 av musea i Vestland. I tillegg reiste to konservatorar til Molde for å halde kurs om mugg og helsefarlege stoff for musea i Møre og Romsdal. Dette var eit betalt oppdrag.

Nkf-N

Vi har hatt møte med Universitetsmuseet i Bergen og Nordisk konservatorforbund-Norge om moglegheita for å arrangere den nordiske konferansen i Bergen i 2027.

Marknadsføring

Det var eit bilete av konservatorane våre i BT magasinet i samband med konservering av utandørsskulpturar på Voss i mai.

Det var ein artikkel i sommar i BA i samband med konservering av Mercur-skulpturen frå Sundt-bygget. I tillegg til ein artikkel i BT i haust.

Vi har med ujamne mellomrom posta innlegg på Facebook og Instagramsidene våre. Vi har også ei fast annonse i tidsskriftet »Museum».



Full spa- behandling

Sian Pirnie og Alice Meigh vaskar statuen av Simons-Margretha på Voss. Det blir full spa-behandling der ho først blir vaska og tørka. Så er det fram med voksen som glattar ut rynkene.

Rune Sævig (foto)

Frå BT magasinet 11.5.2024

Forvalting

Vårt mål er å levere tenester på eit høgt nivå innan forebyggjande konservering, bevaring og samlingsforvaltning til dei konsoliderte musea i heile Vestland fylke. Vi tilbyr også våre tenester til eksterne kundar i heile landet.

Fellestenesta for samlingsforvaltning

Det har vore eit travelt år for Fellestenestene. Vi har fullført heile 32 store og små flytteprosjekt. Fleire av desse hadde stått i karantene, men saman med nye innflyttingar tilstandsvurderte og dokumenterte vi 1862 gjenstandar frå musea i Hordaland.

Tekstilkonservatorane har pakka om og fotografert ein del tekstilar som har vore lagra på fellesmagasinet i meir enn 10 år. Grunnen til at vi gjer dette er at silkepapiret tek opp syrer frå tekstilane slik at det mister buffereffekten. Dette arbeidet er del av ei langsiktig samlingspleie.

Verdibergingsplanen er oppdatert med nye objekt. Dette er noko vi gjer kvart år.

I september hadde vi eit internt fotokurs med Øystein Klakegg. 7 medarbeidarar deltok på kurset.

Magasinert (avslutta flytteprosjekt) 2024				
Institusjon	2009-2023	2024	Utlevert	Sum
Baroniet Rosendal				
Bymuseet i Bergen	6753	260	-3	7010
Hardanger og Voss museum	749	195		944
KODE	5017	167	-1	5183
Museum Vest	5846	1099	-1	6944
MUHO	3380	110		3490
Kraftmuseet	166	31		197
Sunnhordland Museum	917			917
Sum	22828	1862	-5	24685

Statistikk pr 31.12.2024

Museum Vest

Vi har delteke på jamlege møte for å følgje opp RE-ORG-prosjektet ved Kystmuseet i Øygarden. Ved nokre høve har vi delteke aktivt i arbeidet ved museet. Dette prosjektet vart starta opp i 2023 og omfatta heile magasinet ved Kystmuseet. Tekstilkonservatorane har tilstandsvurdert ein fallskjerm på Bjørn West museet. Fallskjermen er ein av museets viktigaste gjenstandar og av høg verdi. Museet ønskjer å stille den ut i framtida.



Tilstandsvurdering av fallskjerm frå Bjørn West museet

Hardanger og Voss museum

Tre personar frå Bevaringstenestene var på Hardanger folkemuseum for å starte arbeidet med å pakke ned ei samling gipsskulpturar utført av kunstnaren Lars Utne. I samband med arbeidet demonstrerte vi korleis dei tilsette ved museet sjølv kan gjere dette i framtida. Det meste av skulptursamlinga er no flytta til fellesmagasinet.

I tillegg har tekstilkonservatorane vore ved museet og hjelpt til med rulling av åkle. Etter at gipssamlinga har blitt flytta til fellesmagasinet vart det frigjort plass til tekstilrullar i magasinet på museet.

MUHO



Pakking av tekstilar ved Osterøy Museum

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

Tekstilkonservatorar har arbeidd saman med Dokumentasjonsteam på Osterøy Museum for å pakke tekstilar og andre gjenstandar slik at dette kunne flyttast til fellesmagasinet.

Tekstilkonservator pakka ned ei utstilling på Vestnorsk Utvandringssenter saman med tilsette på museet.

Bymuseet i Bergen

Tekstilkonservatorane har skifta ut plastkrokane på eit gardin av Sigrun Berg som heng i Håkonshallen. Dei har også vore på synfaring ved brannstasjonen i Arna der eit par eldre og verdifulle brannsegl treng betre oppbevaring. Dei har også fått råd om korleis dei kan handtere farlege gjenstandar i samlinga på ein god måte.

Baroniet Rosendal

Vi har utarbeidd tilbod på konservering av gjenstandar, mellom anna ein damesal.

Musea i Sogn og Fjordane

Dette har vore det første året MiSF har vore klare til å ta imot praktisk hjelp frå oss. I to intensive veker i september var både tekstilkonservatorane og gjenstandskonservator ved Tinghuset og arbeidde i lag med tilsette ved museet for å demonstrere handtering og pakking av tekstilar som skal flyttast inn i det nye magasinet. Tekstilkonservatorane demonstrerte også korleis ein undersøker stoff og fastslår sannsynlege årsaker til skade. Dei tilsette ved museet lærte å pakke klede, forlenge esker og rulle skjerf. Gjenstandskonservatoren arbeidde med tilstandsvurdering av dei delane av båtsamlinga som alt er på plass i magasinet.



Kode

Vi har arbeidd med ein plan for tilsyn og reingjering av Kode sine komponistheimar, såkalla *Housekeeping*. Vi har også halde eit lite kurs der dei som er engasjert i flytting av gjenstandar til fellesmagasinet fekk ei oppdatert innføring i retningslinjer for dette.

Kode leverte ei mengd glasgjenstandar i august. Nokre få av dei er uranglas; desse har vi pakka og merka særskilt, då dei kan gi radioaktiv stråling.



Konserveringstenester

Kode

Vi har eit stort betalt oppdrag for Kode, og difor har vi månadlege planleggingsmøte. I tillegg har vi hatt møte om utstillingar og prosjekt. Vi har vurdert tilstanden til gjenstandar i samband med transport av dei til magasinet på KOKSTAD. Konservatorane på Kulturhistorisk atelier har konserverte ei rekkje gjenstandar i marmor og gips til utstillinga om Ambrosia Tønnesen og gjenstandar i keramikk til utstillinga «Heidi + Rasmus = Sant».

Tekstilkonservatorane har tilstandsvurdert og montert gjenstandar og tekstilar ved utstillinga «Komposisjon for venstre hånd», og deltok i demontering og tilstandsvurdering av tekstilar før og etter utstillinga om «Urfolkshistorier». Dei har også demontert, tilstandsvurdert og pakka tekstilar etter Kagge-utstillinga i Rasmus Meyers samlinger. Dei har dessutan vurdert fire kunstverk av Britta Marakatt-Labba etter lån. Dei har pakka gjenstandar for transport, gjeve råd om behandling av gjenstandar mot skadedyr ved anoksibehandling og gjennomført kontroll med skadedyr, og dessutan utarbeidd ein plan for evakuering av gjenstandar frå Troidhaugen.



Oppheng av verket Crossing paths av Outi Pieski

Fridtjof Nansens Institutt

Fem gjenstandar frå Fridtjof Nansens Institutt har fått muggflekkar. I 2017 vart desse gjenstandane konserverte av oss. Vi nytta konserveringsrapporten for å kunne samanlikne dei muggflekkane vi behandlar no, med dei flekkane vi behandla den gongen.

N.K.S. Formidlingssenter for Tuberkulose på Bjørkeli, Voss

Synfaring. NKS Formidlingssenter for tuberkulose og andre pandemiske sjukdomar på Bjørkeli har utgangspunkt i det gamle tuberkulosesanatoriet på Voss, der Kurhallane er den sentrale utstillingsdelen og har høg prioritet og bevaringsverdi. Ei arbeidsgruppe ønskjer å lage ei utstilling basert på gjenstandar og arkivmateriale. Vårt oppdrag var rettleiing i førebyggjande konservering og gi råd om kva tiltak som må til for at kurhallane skal få eit fordelaktig inneklima for samlinga.

Hanseatisk museum

Bevaringstenestene skal dei neste tre åra konservere gjenstandar som skal stillast ut på Hanseatisk museum når det igjen opnar for publikum. Vi har tilstandsvurdert og konserverte ei rekke gjenstandar denne våren.

Akasia

Arbeidet med å konservere lysekroner og lampettar frå Korskirken i Bergen er avslutta, og tilsette i kyrkja har fått opplæring i å behandle gjenstandane.



Voss herad

Vi har konservert følgande utandørsskulpturar og monument: *Heiagjengen*, *Georg Buchard Jersin* minneplater, *Simons-Margreta*-monumentet og *Roknesteinen*.

Bergen kommune

Kvar sommar konserverer vi utandørsskulpturar for Bergen kommune. I juni konserverte vi *Christiestøtten*, som står framfor Universitetsmuseet, og *Løvene*, som står på Fisketorget. Den siste var ei utfordring da det var krevjande å få arbeidsro i eit område med mange turistar. På seinsommaren vart *Seilende Havfrue*, som er plassert i Bergens Sjøfartsmuseum sitt atrium, konservert, i tillegg til *Fiskeren* i Byparken. Skulpturen *Fana jente* vart konservert i vårt atelier.

Bymuseet i Bergen

Vi har konservert ei brudekrone til den store utstillinga i samband med Landslovsjubileet på Bryggens museum.

Kommentert [HS1]: Om Seilende havfrue: vi er litt sjølvmotseiande her: vart den konservert in situ eller i atelieret?

Kommentert [TA2R1]: Seilende havfrue ble visst konservert på Sjøfartsmuseet, så da fjernet jeg det.

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

Konservatorane har vurdert gjenstandar i interiøra i St. Jørgens Kirke, Lepramuseet.

Bergens Sjøfartsmuseum

Gallionsfiguren Aurelian, som heng på vegg i museet vert ferdig konserverv i september.

BOV

I august vart Mercur-statuen, som normalt er plassert på taket av Sundthuset i Bergen sentrum, konserverv av den innleigde metallkonservatoren Tracy Han.



Lillestrøm kommune

Ein tekstilkonservator og ein metallkonservator har vurdert om lag 150 gjenstandar i 11 kyrkjer og kapell i Lillestrøm. Oppdraget er eit samarbeid med NIKU.

17. mai komiteen

Fanen vart konserverv i april 2023, men fekk ei rift under 17. maifeiringa same år. Vi har no reparert fana slik at ho kan brukast på nytt.

KORO

«Uten tittel» av Britta Marakatt-Labba:

Tekstilkunstverket vart konserverv og ramma inn for utstillinga «Britta Marakatt-Labba. Sylkvasse sting» på Nasjonalmuseet i Oslo. Vi monterte såkalla museumsglas som beskyttar

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

verket i framtida. Verket har lange, raude sting som er brodert med ulltråd. Mange av stinga var knekt eller mangla, enten heilt eller delvis. Dei lause trådane vart festa med små sting i tynn raud silketråd. Kunstnaren hadde sjølv farga inn raud ulltråd som erstatta dei gamle mangla. For å hindre at knutane trekkjer gjennom stoffet og løsnar, vart dei sikra med små sting av tynn polyestertråd. Den broderte signaturen var skadd; denne har vi rekonstruert og forsterka med passende tråd etter drøftingar med både eigar og kunstnar. Til slutt blei verket sett tilbake i den originale ramma med museumsglas.

«Historja» av Britta Marakatt-Labba – konservering for utstilling:

Til den same utstillinga har vi konserverert kunstverket «Historja» og bytt montering.

Oljebaserte flekkar måtte fjernast, og krøller i stoffet redusert. For å hindre ytterlegare skade på silkecrepelinen på eine kanten blei denne dekkja med eit nett av nylon. Nettet blei sydd på plass rundt kantane. Verket fekk også nytt opphengssystem.



«Historija» får nytt opphengssystem

Sørlandets kunstmuseum

Tanka samlingen - Synfaring av 13 Tankaer:

Tankaer er bilde som kan rullast saman, og som blir brukt i buddhismen som eit hjelpemiddel til meditasjon. Tankaer er danna av eit religiøst maleri i ei tekstilramme, med stenger øvst og nedst. Synfaringa blei gjort for å skrive tilstandsvurderingar for alle objekta og vurdere potensielle behandlingar og magasineringsbehov.

NTNU

Eit verk av Brit Fuglevaag Warsinski vart reingjort og fekk eit betre opphengssystem som fordeler vekta av verket meir jamt utover. Det er tungt og vart difor montert til ei plate for transport.

Udenes kirke

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

Eit alterklede frå Udenes kirke vart konserverert og montert på ei polstra plate. Alterkledet er ujamt og trong ei polstra støtte. Alterkledet vart festa til plata med små lappar som vart festa med lim. Det vart også festa med sting gjennom dei originale saumane i alterkledet.

Statsbygg / Gamlehaugen

Eit par av portierane vart reingjort og pakka for lagring til Statsbygg har avgjort om dei skal hengast opp att. Det må i så fall ei meir omfattande konservering til. Ei vevd kappe frå eit vindauge var konserverert for lagring. Kappa var skitten og hadde falma i området som har vore utsett for dagslys. Den vart våtreingjort for å fjerne smuss. Rifter var støtta med eit nett av nylon, og kappa vart pakka i ei eske med polstring.

Vestland fylkeskommune

Ein biletvev, «E.E.C. truer oss» av Elisabeth Harr, er konserverert i tekstilatelieret. Løpegang og juteband vart demontert før reingjering. Deretter vart lause innslagstrådar festa igjen, og kantane til løpegangen forsterka slik at dei ikkje raknar meir.

Samarbeidsforum

Det er viktig at musea har eit eigarskap til BEV, og kan påverke kva tenester dei ønskjer frå oss. Det er eit mål å auke samhandlinga mellom musea og kunne sjå samlingane meir i samanheng. Vi er navet i Felles beredskapsgruppe for arkiv og museum i Vestland, og har ansvar for å utvikle samarbeidet i gruppa. Vi deltek i aktuelle nettverk som kan styrke vår kjernekompetanse.

Samlingsutvalet

Det var vore tre digitale møte i Samlingsutvalet i tillegg til haustmøtet, der vi møttest i Førde i oktober. Vi fekk omvising i museet sitt nye magasin «Tinghuset» og fekk eit innblikk i byggeprosessen. Vi besøkte også Astruptunet i Jølster og gjennomførte møtet i Samlingsutvalet der.



Felles beredskapsgruppe for arkiv og museum i Hordaland

Avtalen om felles beredskapsgruppe vart rullert i 2024. Det årlege haustmøtet gjekk av stabelen 29. oktober, der Bergen Brannvesen demonstrerte sin RVR-bil, og vi fekk ein kort introduksjon til Kode sin beredskapstilhengar. Vi fekk også ein presentasjon av varslingsystemet Rayvn og korleis dette verkar. Vi brukar å ha praktiske øvingar på dei fysiske møta i gruppa, og i år fekk deltakarane øve seg på å lage ein prioriteringsplan. 32 personar deltok frå sju ulike museum.

Tverrinstitusjonelt møte om RVR og brannsikring av historiske bygg (TIBRA)

Vi deltek på digitale møter i dette uformelle, men viktige forumet som drøftar ulike utfordringar innan beredskap og verdiredning av kulturminne. Her deltek representantar får NIKU, COWI, Riksantikvaren, Riksantikvarieämbetet, Oslo Brann og Redning og Bergen Brannvesen.

Forsking og dokumentasjon

Vi held oss oppdatert på nye arbeidsmåtar innan samlingsforvaltning, og deltek på praktiske og teoretiske kurs slik at vi har oversyn over nye metodar og teknikkar innan konserveringsfaget.

Vår preventive konservator Natalija Ćosić har avlagt doktorgrad i kulturarvstudiar (critical heritage studies) i regi av Det filosofiske fakultet, Universitetet i Beograd. Ho deltek i MUHO si interne forskingsgruppe, og har saman

med Ida Areklett Garman skrive ein artikkel i samband med ICOM-CC konferansen i Valencia «Developing a collection center facility in Vestland, Norway: Challenges and perspectives».

Natalija Ćosić, Heidi Seilfaldet, Philippa Moxon og Anders Gjølås-Andersen har skrive artikkelen “Developing educational toolkits to address collection management challenges - a case study from Norway” i samband med NKF XXIII kongressen i København 3, og 4. oktober 2024. (ikkje publisert enda).

Fornyng

Det er eit mål at dei tilsette får delta i kurs og konferansar dei opplever som naudsynte eller nyttige i arbeidet sitt.

Dokumentasjonsteam

Musea i Vestland har sidan april 2022 hatt tilbod om hjelp til dokumentasjon av samlingane som ein del av Bevaringstenestene sitt tilbod til musea. Tale Annesdatter Aasheim er tilsett som prosjektleiar med midlar frå Museumsløft og KUP.

I 2024 hadde Dokumentasjonsteam 12 oppdrag fordelt på 10 museumsavdelingar i løpet av 20 arbeidsveker. I denne perioden vart det oppretta 1343 postar i Primus som tel 1103 gjenstandar. Av desse er 456 publiserte på Digitalt Museum som følgje av prosjektet.

Arbeidet gjekk ut på ein gjennomgang av diverse samlingar der museumsgjenstandar vart tilfredsstillande registrerte i Primus, gjenstandane vart merka med museumsnummer, fotograferte, og ved nokre tilfelle tilstandsvurderte (av konservator), reingjorde, pakka og magasinerte.

Alt arbeid har vore avhengig av eit godt samarbeid med dei lokale tilsette ved musea. Frå BEV si side har teamet bestått av prosjektleiar og konservator, ut frå dei materialgruppene og problemstillingane musea har meldt inn behov for hjelp på.

I tillegg har prosjektleiar arbeidd vidare med prosjektet om kartlegging og dokumentering av tradisjonsbåtar i Vestland. Dette går parallelt med eit større, nasjonalt prosjekt om tradisjonsbåtar i Noreg, leidd av Norsk Maritimt Museum med støtte frå Kulturdirektoratet. Målet er å finna standardisert metode for registrering av tradisjonsbåtar, og dessutan bruka felles nomenklatur i KulturNav. Status ved musea i Vestland i slutten av 2024 er at 150 av 328 båtar er tilfredsstillande registrerte i Primus og publiserte på DigitaltMuseum.

Prosjektet blir avslutta i løpet av 2025.

Nytt fokus på museumsgjenstandar

Kulturdirektoratet har etablert eit nytt utviklingsprogram, *Aktiv samhandling*, der dei ønskjer å stimulere til nye varige samhandlingsstrukturar, styrkje kompetanse og infrastruktur innanfor alle museumsfaglege område og styrkje arbeidet til musea med kompetanseutvikling og utvikling av metodar og strategiar for å nå FNs berekraftsmål. Vi fekk tilskot til eit treårig prosjekt vi kalla «Nytt fokus på museumsgjenstandar: Styrking av heilskapleg samlingsforvaltning, 2025-2027». Prosjektet skal gi både fysiske og digitale seminar i tillegg til eit større RE-ORG-prosjekt i eit magasin ved DHS-Sogn folkemuseum. Vi ønskjer å knyte til oss ei kjernegruppe av samlingsforvaltarar, og tilby seminara til ei vidare gruppe av deltakarar.

Administrasjon og økonomi

Sikring og drift

Mot slutten av 2023 havarerte ein kjølekompressor i magasin. Denne vart skifta og magasinet kom i drift igjen tidleg i 2024. Vi merkar at teknisk utstyr for byggdift har hatt ei levetid på snart 20 år, med hyppigare stans som følgje av slitasje på utstyret. Av større hendingar i år har vi hatt driftsstans på EL-kjel og varmeanlegg på grunn av defekt utstyr.

Økonomi

I tillegg til midlane frå Kulturdirektoratet har vi fått 250 000 kr frå Museumsløft til prosjektet «Nytt fokus på museumsgjenstandane», noko som er svært gledeleg. Med prosjektmidlar frå fylkeskommunen har vi kunne tilby musea dokumentasjonsteam, dette prosjektet avslutta våren 2025.

Vi har hatt eit godt tilfang av oppdrag på kulturhistorisk atelier både frå kundar og frå Kode. Det var sett av mange timar til konservering av gjenstandar til Hanseatisk museum. Diverre vart dette oppdraget sett på vent, men vi greidde å fylle arbeidsplanane med andre oppdrag.

Vi har søkt om midlar til eit prosjekt for bevaring av kyrkjetekstilar hjå kyrkjebevaringsfondet.

Vi har tilsett Tale Annesdatter Aasheim i 30% stilling for å arbeide med det administrative knytt til oppdragsverksemda vår. Ho skal i tillegg arbeide 50% av tida i fellestenestene for musea.

Tilsette i 2024

Torunn Kojan Bøe, avdelingsleiar
Anders Gjølås-Andersen, preventiv konservator og gjenstandskonservator Nkf-N
Liudmila Karpenka, reinhaldar
Royla Eriksen, driftsleiar

M U H O BEVARINGS- TENESTENE

Fellestenestene for samlingsforvaltning

Heidi Seilfaldet, nestleiar Bevaringstenestene og museumskoordinator

Ida Areklett Garmann, koordinator fellestenestene, nestleiar Bevaringstenestene og tekstilkonservator Nkf-N (fram til 1.4)

Ida Fløystad Brevig, gjenstandskonservator Nkf-N (fram til 1.2)

Natalija Čosić, preventiv konservator Nkf-N

Tale Annesdatter Aasheim, samlingsforvaltar og administrativ rådgjevar

Kine Elandria Bjørnsdatter Haug Skjoldli, gjenstandskonservator Nkf-N (ny frå 1.8)

Kulturhistorisk atelier

Liesa Berens, atelierleiar kulturhistorisk atelier og møbelkonservator Nkf-N (permisjon)

Heleen van Santen, metallkonservator Nkf-N

Sian Pirnie, gjenstandskonservator Nkf-N

Alice Meigh, gjenstandskonservator Nkf-N (ny frå 19.2)

Tekstilatelier

Philippa Moxon, atelierleiar tekstilateliet og tekstilkonservator Nkf-N

Emma Hartikka, tekstilkonservator Nkf-N

Signe Thøgersen, tekstilkonservator Nkf-N

Samarbeid på tvers i MUHO

Torunn har delteke på møter i MUHO si leiargruppe.

Natalija er medlem av MUHO si forskingsgruppe.

Verv i MUHO

Royla er fagforeiningsleiar for MAF og sit i samarbeidsutvalet.

Anders er MUHO sitt hovudverneombod.

Signe er styremedlem i Forskerforbundet sitt lokallag for MUHO.

Andre samarbeidsprosjekt og verv

Vi deltek i det internasjonale nettverket ICCROM, og deira arbeid med RE-ORG og Our Collections Matter. Alle konservatorane ved BEV er autorisert av NKF-N, noko som er eit krav for å utføre oppdrag finansiert av Riksantikvaren.

Salhus 30. januar 2025

Torunn Kojan Bøe